

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 Fylke: Sogn og Fjordane  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Bremanger.  
 Emne: Brynet. Bygdelag:  
 Oppskr. av: Alv Övrebotten Gard:  
 (adresse): Kjelkenes G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
 Går fram av svara.

## SVAR

- 1) Det gamle ordet er å kvetje-kvæt-kvätte-kvatt. Å bryne-bryne-brynte-brynt, vert og brukt no, men alle ting tyder på at dette er eit nyare ord i bygda. Hein er eit mjukt bryne som vert brukt til finare betjarn. Betjarn vert brukt om alt som er slipt.
- 2) Det vanlege er framleis bryne av naturstein. På kvar gard har dei til vanleg eit bryne av kunststein (smergelbryne), men det ser ut til at dette siste kjem meir og meir i bruk. Her er ikkje naturleg brynestein i bygda.  
 Augustinus Nordbotten, Botnane, 85 år gamal minnest at dei gjekk og valde ut gråsteinheller av lagleg skap og bruka til bryne.  
 Henrik R. Nesbö, Gulen, 75 år gamal, fortel at det hende dei kunne finne mjuk brynestein i Vollestøa på Frøya. (Det var der kyrkjebåtane frå Gulen la til.) Men det vanlege har vore so langt attende som folk kan minnast, at bryna har vorte kjøpte hos handelsmannen.
- 3) Dei fleste betjarn vert no slipte på ein stein som går rundt, høveltenner og Barberknivar vert aldri slipte på stein av vanlege folk.
- 4) Eg har aldri tala med folk som har høyrte fortalt om tynnsling av ljå eller andre betjarn. Heller ikkje har eg funne ambolt eller hamar som har kunna vore brukt til dette.
- 5) Eg har aldri på nokon gard funne flat slipestein. Slipesteinen stod alltid heime. Synneve Frimannslund, frå Rise i Gulen, 80 år gamal, fortel at då ho vaks opp, stod slipesteinen i eldhuset (eljuse).
- 6) Oftast kvetjer dei ljåen so lenge som mogeleg får dei går heim og sliper. Eg har aldri forstade det slik at nokon prøvde på å greie seg utan å slipe.

2

7) Bryne av tre er ikkje kjende i Bremanger.

8) Ljåen sit på orvet når dei sliper. Då eg vaks opp i Botnane (omlag 40 år sidan), var det vanleg å kjøpe uslipte ljå. Då slipte dei egg i ljåen før dei sette han på orvet (slipe fram ljåen). Egga snudde dei mot sliparen, og steinen gjekk frå sliparen. Så skjefte dei ljåen, og så slipte dei han ein gong til.

9) Bestefar min, Nils Övrebotten, Botnane, född 1825, heldt stutturven slik: Han sette orvet ned med bukse-  
liningen, snudde ljåen frå seg og brynte den sida som  
snudde opp. Så vatte han brynet og kvatte undersida  
av ljåen. Så eit linnare strok på övre sida att, og ljå-  
en var ferdig.

Eg har og sett at dei snudde ljåen slik at odden  
vende mot ein når dei skulle bryne andre sida.  
Isak O. Nesbø, Gulen, 80 år gamal, fortel at då han var  
liten hadde dei ei kårkone. Ho sette stutturven fast i  
hesa når ho skulle bryne.

Dei fortel om ein som heitte Anders i Sletta,  
Botnane, at han tok fjöskrakken med seg på marka når  
han skulle slå med stutturven. Han sat på krakken når  
han brynte. Dette skulle vere for ein 70-80 år sidan.  
Longorven vart sett med enden mot marka slik, at ljåen  
kom i höveleg högd. Elles vart han brynt på same måten  
som stutturven.

10) Det vanlege var å nytte ein kalvekopp. Det var eit  
trebinne som var laga slik at ein av stavane var lenger  
enn dei andre. Denne staven var tilskoren slik at han  
var god å halde i. Namnet var brynbutte (ein).  
No nyttar dei eit gamalt spann.

11 og 12) Dei bar aldri bryna på seg.

13) Til ljå og andre reiskap vater dei brynet alltid  
med vatn. Til finare knivar og höveltenner, kan det av  
og til verte nytta feitolje.

14) Mjölet av brynet vart kalla brynegot (eit).

15-16-17) Dette er ikkje kjent i Bremanger.

18-19-20) Heller ikkje dette er kjent i Bremanger.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYØDØY

787